

Saksbehandlar: Statens vegvesen
Sak nr.:

Omklassifisering/ending av fylkesveg 121 i Vik som følgje av utviding av Vik fengsel

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. 880 meter av dagens fylkesveg 121 i Vik sentrum vert omklassifisert til kommunal veg
2. 900 meter av dagens kommunale veg i Elvegata vert omklassifisert til fylkesveg 121
3. Omklassifiseringane vert gjort gjeldande når det er sett opp rekkverk langs Elvegata og gjort trafikkregulerande tiltak mellom Vange bru og kryss ved Vik fengsel

Vedlegg:

Uttale frå Vik kommune datert 26. august 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Veglova

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Statsbygg vest ynskjer å stenge fv. 121 ved Vik fengsel for å få nok areal til planlagt utviding av fengselet mot aust. Statens vegvesen meiner dette kan gjerast dersom vegen forbi fengselet blir nedklassifisert til kommunal veg og fv. 121 blir flytta til Elvegata, frå Vange bru til kryss ved rv. 13 i nord. Samstundes må det gjerast trafikkregulerande tiltak i kommunal veg mellom skulen og kyrkja.

Vik kommune er samd i dette. Dei ynskjer på sikt ny trase for fv. 121 i samsvar med nyleg vedteken kommunedelplan.

I samsvar med veglova § 4 kan fylkeskommunen ta opp kommunal veg som fylkesveg:

*«Alle vegar som var fylkesvegar eller bygdevegar etter den tidligare veglova, er fylkesvegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.
Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen ta opp kommunal veg eller privat veg som fylkesveg.»*

I samsvar med veglova § 7 kan fylkeskommunen gjere vedtak om omgjerding av fylkesveg:

«Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.»

Revidert arealdel til kommuneplanen for Vik sentrum vart vedteken 26. juni 2014. Den legg til rette for utviding av fengselet mot aust, og legg til grunn stenging av eksisterande fv. 121 ved Vik fengsel. Arealdelen viser ny trase for fv. 121 på strekninga Vik fengsel – rv. 13 nord for Vik kyrkje. Prosjektet ligg ikkje inne i handlingsprogrammet til Regional transportplan for perioden 2014-2023.

Sentrale problemstillingar

Ved ei flytting av fv. 121 vil ny fylkesvegtrase gå i Elvegata. Samstundes vert dagens fylkesveg frå og med Vange bru til krysset ved meieriet gjort om til kommunal veg og framtidig kommunal veg vert stengd ved fengselet. I samsvar med veglova § 7, 2. avsnitt har kommunen gitt uttale i saka (vedlagt). Kommunen ynskjer dette som ei mellombels løysing fram til det blir bygd ny fv. 121 i tråd med kommunedelplanen.

Trafikk

Vi har vurdert i kva grad ei endring av trafikkmønsteret i Vik sentrum vil auke trafikken i krysset mot rv. 13 ved kyrkja og har tidlegare kravd at Skulevegen skal stengast for gjennomgangstrafikk.

Vik kommune ynskjer at tverrsambandet framleis skal vere ope. For å førebygge trafikkauke, vil kommunen etablera 2 nye fartshumpar og setje ned fartsgrensa frå 40 til 30 km/t frå Vange bru til krysset ved fengselet. Dette vil truleg gjere vegen mindre attraktiv for dei som ynskjer å nytta tverrsambandet.

Vi legg til grunn at trafikkmengda i tverrsambandet mellom Vange bru og kryss med rv. 13 ved kyrkja (Skulevegen) vert om lag som i dag. Trafikken frå bustadfeltet langs Røysavegen som i dag går via krysset mot rv. 13 ved kyrkja vil forsvinne. Mykje av dagens trafikk frå Seljedalen vil truleg gå langs Elvegata. Statens vegvesen vil difor ikkje halde fast på kravet om at Skulevegen skal stengast for gjennomkøyning.

Dersom trafikken i krysset skulle få ein større auke enn det som er føresett, må ein vurderer saka på nytt og eventuelt setje i verk ytterlegare tiltak for å ivareta trafikktryggleiken.

Dette gir følgjande framlegg til klassifisering av endra fylkesvegnett i Vik sentrum:


Strekning	Lengde i meter (omtrent)	Dagens status	Ny status
1	800	Fv. 121	Kommunal veg
2	900	Kommunal veg	Fylkesveg 121

ÅDT (gjennomsnittleg årleg døgntrafikk) på eksisterande fylkesveg er om lag 700 køyretøy/døger (tal frå 2013) frå meieriet til kryss ved Vik fengsel. ÅDT frå Vik fengsel til Vange bru er om lag 500 køyretøy/døger (tal frå 2013).

Krav i høve omklassifisering

Det vert sett følgjande krav til tiltak som må vera gjort før omklassifiseringa kan verte gjeldande:

- Vik kommune set opp rekkverk langs Elvegata, i samsvar med krav i vegnormalane
- Kommunen set ned fartsgrensa frå Vange bru til kryss ved Vik fengsel til 30 km/t, og byggjer 2 nye fartshumpar



Andre opplysningar

Trafikk frå Seljedalen til Vik sentrum vil få om lag like lang reisetid som i dag.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Driftskostnaden langs ny fv. 121 vil vere om lag som før.

4. Konklusjon

Statens vegvesen tilrår at 800 meter av fv. 121 frå krysset ved meieriet i Vik sentrum til og med Vange bru vert gjort om til kommunal veg. Som erstatning vert Elvegata ny fv. 121, frå Vange bru til krysset mot rv. 13 i nord. Før omklassifiseringa kan tre i kraft, må det vera sett opp rekkverk mot elva langs Elvegata, og gjennomført trafikkregulerande tiltak mellom Vange bru og kryss ved Vik fengsel.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådinga frå Statens vegvesen og sluttar seg til denne.